



Retningslinjer for tildeling av kommunale kulturmidlar i Hareid kommune

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2011/203	223	Hareid	18.03.2011

§1

1. Etter søknad til Levekårsutvalet (LKU) kan det ytast tilskot til organisasjonar, institusjonar og personar som driv eller vil starte opp kulturell verksemd i Hareid kommune.

2. Organisasjonar som driv si verksemd i Møre og Romsdal, og som fell utanfor retningslinjene for fylkeskommunal stønad, kan ytast tilskot når dei rekrutterer eit visst tal medlemmar frå Hareid.

3. Hovudlag samordnar og søkjer på vegne av gruppene der laga er organiserte slik.

4. Unnateke frå stønad er:

- lag som primært tek i vare medlemmane sine interesser innan yrke eller økonomi
- politiske parti/aksjonar
- organisasjonar som ikkje er opne for alle
- reint kommersielle tiltak

§2

Fylgjande tilskotsordningar gjeld:

1. Tilskot til drift

Slik stønad kan ytast når verksemda er kontinuerleg og vert normalt berre tildelt hovudlag. Kvar søknad vert vurdert særskilt ut frå medlemstal, aktivitet, årsmelding/rekneskap og planlagt verksemd.

2. Oppstartingstilskot

Verksemd som fell inn under §1, pkt 1-3, kan søkje om oppstartingstilskot. Stønaden vert gjeve som eingongstilskot.

3. Tilskot til samlingshus

Lag som har eige hus, kan søkje særskilt om stønad til drift. Rekneskap/budsjett for drifta må følgje søknaden. Tilskot til nybygg og rehabilitering må innarbeidast i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

4. Tilskot til andre kulturføremål

Her kan det ytast tilskot til føremål som fell utanfor dei ordningane som er nemnde so langt, men som ein likevel, ut frå ei samla vurdering, finn det rett å støtte.

5. Tilskot til kurs og opplæringsverksemd
Slik stønad kan ystast til kulturtiltak som fell utanfor andre tilskotsordningar for vaksenopplæring.

6. Særskilte tiltak
Dette gjeld tilskot eller garanti til einskilde arrangement og tiltak som fell utanfor den ordinære drifta.

§3

Søknadsprosedyre

1. Søknad etter §2, pkt 1-4 har søknadsfrist 1. april kvart år. Det skal søkjast på eige skjema.

2. Søknad etter §2, pkt 5-6 har søknadsfrist 1. april og 1. september kvart år. Det skal søkjast på eige skjema. I særskilte høve kan ein handsame søknadane utanfor fristane.

3. Søknader som ikkje inneheld dei opplysningane ein bed om, og som det er rimeleg å forlange, vert ikkje handsama.

4. Søker som kjem inn etter søknadsfristen vert ikkje handsama, om ikkje anna er avtala før fristen gjekk ut.

5. LKU kan nytte rådsorgan (t d for musikk og idrett) til å legge fram forslag til fordeling innom på førehand vedtekne rammer.

§4

Rapport og rekneskap

1. LKU kan krevje planar/rapportar og budsjett/rekneskap i samband med stønadane. Dersom eit tilskot ikkje vert nytta etter føresetnadane, kan ein krevje at det vert betalt attende.

2. Dersom ein bryt desse føresetnadane, kan retten til stønad tapast for kortare eller lengre tid.

§5

Endring av retningslinene

1. Endring av retningslinene må godkjennast av LKU.

2. LKU kan i særlege høve dispensere frå reglane.